

Vidar Lehmann
Søreidtræet 22
5251 Søreidgrend

Bergen, 11. oktober 2016

Til:

Hordaland Fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
Agnes Mowinckelsgt.5
5008 Bergen

Lindås kommune
Kulturkontoret
5914 Isdalstø

Vaksdal kommune
Kulturkontoret
Konsul Jepsengt 16
5722 Dalekvam

Sparebanken Vest
v/ Direktør Siren Sundland
Kaigt.4 Postboks 7999
N-5020 Bergen

Hordaland fylkeskommune

13 OKT 2016

Vedr. tidlegare søknad om tilskot til fotoutstilling.

Ein syner til tidlegare søknad med dokumentasjon (for dei tre første adressene i 2015 og for Sparebanken Vest i 2016). Utstillinga hadde eit budsjett på kr. 84000. Etter vel eit år har ein ikkje makta å få inn meir enn kr. 28000, dvs. omlag ein tredjedel av det som trengst.

Gjevne tilskot er :	Lindås kommune	kr 10.000
	Hordaland fylkeskommune	kr 11.000
	Vaksdal kommune	kr 2.000
	Sparebanken Vest	kr 5.000

Vi involverte (Hans K.Bukholm, Anette Thorsheim og Vidar Lehmann) har drøfta situasjonen, og er komne fram til følgjande:

1. Dei tildelte midlane rekk til å utarbeida ei forenkla utgåve av utstillinga, med eit redusert tal av større foto, ein større del enn opphaveleg tenkt synt på video og kanskje nokre foto uteletne.
2. Vi har ikkje midlar til å dekkja sjølve gjennomføringa av utstillinga, så som utlegg til montasjemateriell, montering/demontering, transport, betaling til praktisk assistanse, lokalleige, og sist, men ikkje minst, administrasjon og gjennomføring av eventuelle fotobestillingar, kopiering, inkludert utsending og til all god slutt oppsetjing av eige rekneskap for denne siste delen av arbeidet.

Dersom det er akseptabelt at vi gjennomfører pkt 1 utan å ha inndekning for pkt 2 vil vi gjera det. Materialet kan då oppbevarast og vonleg koma til nytte seinare. Vi understrekar at dersom nokre av tilskotgjevarane svarar ja til dette alternativet, men nokon nei, kan ytterlegare nedskjeringar under pkt 1 verta naudsynte.

Skal punkt 2 på kort sikt gjennomførast, ser vi pr. i dag ingen andre måtar å få det gjort på enn å vona at kulturkontora i dei kommunane som utstillinga i første omgang var tiltenkt (Lindås og Vaksdal) kan ta på seg gjennomføringa sjølv. Skal publikum, som før nemnt, få høve til å tinga kopiar bør dei praktiske og økonomiske sidene av dette òg avtalast på førehand. Kjem det etter dette så langt som til at ei utstilling skal realiserast, vil ein eller fleire herfrå - som til no - stilla kostnadsfritt opp.

Vi ber difor tilskotsgjevarane vera gilde og å melda tilbake på dette brevet, slik at vi veit korleis vi skal handtera saka vidare. Førebels står alle tildelte midlar på ubrukt og sperra konto, og kan returnerast om vidare arbeid ikkje let seg gjennomføra. Vær venlege å gje rask tilbakemelding. For arbeidsgruppa,

venleg helsing


Vidar Lehmann